

I august i fjor var eit team på fire frå det franske seglmaginet "Voiles et voiliers" (Segl og seglbåtar) på rundtur i området mellom Skudeshavn og nordsida av Tysnes.

Resultatet vart ein imponerende, 14 siders reportasje og ein av stoppestadene viser seg å ha vore Øyro Marina i Uskedalen. Kartet i reportasjen fortel at dette er den einaste staden i den ytre delen av Hardangerfjorden teamet har besøkt.

Reportasjen har mellom anna eit imponerende bilete der seglbåten stryk forbi Skorpo og bilet-teksten har eit sterkt poetisk drag, som reportasjen ellers: " Toppen av breen forsvinn i tåka, lufta endrar seg og over Hardangerfjorden regnar det små diamanter".

Reportasjen har tittelen "Vi var norske sjøfolk" og er nummer seks i ein serie som skal dekke heile Europa. Magasinet har eit imponerende opplag som spesialmagasin ettersom det blir trykt i over 66.000 eksemplar og over 26.000 av dei er faste abonnentar.

Til reportasjeturen leigde "Voiles et voiliers" båten "Kaia", som er eit seglhistorisk klenodium, bygd i Sandefjord så tidleg som i 1854. Frå 1925 til 1950 vart båten nytta til koltransport i Rogaland. I 1950 fekk han monterte motor. I 1980 sokk han ved Røyksund, men vart heva i 1983.

Så gjennomgikk han ein restaureringsprosess som gjennom 20 år kosta rundt rekna fire millionar kroner. Det står i reportasjen at båten er unik fordi han er spiss foran. Treverket i botnen er det originale. Det krevst eit mannskap på tre for å manøvrera "Kaia".

Kva skriv så dei franske journalistane om dei nordmennene som dei møtte frå 8. til 19. august? Jo, dei skriv mellom anna at "menneskja er ein detalj i dette landet. Når ein møter nokon, så hugsar ein dei" ..

Av Ola Matti Mathisen